



Andreas Kristoffersen møter velvilje i kommunen

Kommunen har no gjeve Andreas Kristoffersen løyve til å dyrka eit areal på 16 dekar på Musland. Det skal takast mest mogeleg omsyn til kulturlandskapsverdiane i området og det skal stå att ei kantsone med skog og vegetasjon langs elvekanten for å ta vare på ulike artar knytt til denne type livsmiljø.

Løyvet omfattar 3 ulike areal. Det største ligg sørvest for elva og dei 2 andre nordvest for denne. Areala vert i dag nytta til beite og er skogsmark med endel stein.

Kristoffersen har nett restaurert sauehuset og planlegg auke i sauetalet, men då må han auka grovforgrunnlaget. Det er ikkje trong for nye vegar.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen